

Saksprotokoll i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 07.06.2017

ORIENTERINGAR

- «Hjertesone» v/ Bergen kommune, Anna Elisa Tryti
Bergen kommune, Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune er samde om at det er behov for auka ressursar for å styrke arbeidet med hjertesone. Bergen kommune arbeider med ei sak om Hjertesone som skal handsamast av byrådet og bystyret. Fylkesrådmannen vil kome tilbake med ei eigen sak til utval for miljø og samferdsel og fylkesutvalet om oppfølging av Hjertesone. FTU var positiv til eit samarbeid med Bergen kommune om ei felles prosjektstilling i regi av Trygg Trafikk.
 - Status trafikkulykker i Hordaland 2016/2017 v/ Statens vegvesen, Tor Høyland
Det var særlege merknader til etablering av Automatisk trafikk kontroll (ATK) på fv 57 (Lindås) og fv 163 over Fanafjellet (Bergen).
 - Nærare om fotgjengarulykker v/ Statens vegvesen, Tor Høyland
 - Status om Trafikksikker kommune v/ Trygg Trafikk, Knut Olav R. Nestås
 - #Er du sikker? v/ Trygg Trafikk, Knut Olav R. Nestås
To vidaregåande skular har meldt si interesse. Det er ønskjeleg at det blir tre skular i Hordaland som er med på #Er du sikker. Opplæringsavdelinga sender snarast ut ein ny epost til skulane om å melde seg på.
 - Investeringsprogrammet med fokus på Trygge skuleveggar v/ Hordaland fylkeskommune, Irene Velure
 - Arbeidet med ny plan for trafikksikring v/ Hordaland fylkeskommune, Lise F. Ådlandsvik
Dei konsultative medlemmene i FTU hadde la fram forslag til ulike typar trafikksikringstiltak som det vert rådd til at Hordaland fylkeskommune tek inn i kommande planperiode (Investeringsprogrammet).
- I samband med orienteringa bad FTU om å få lagt fram følgjande:
- Sak om fråvik frå vegnormalane ved etablering av forsterka vegoppmerking.
 - Sak om kva arbeid som vert gjort innanfor trafikksikring i den vidaregåande skulen i Hordaland.
 - FTU ber om ei utgreiing frå Skyss om konsekvensar av setebelte på buss i Hordaland.